

# UNIVERSITETET I BERGEN

## *Universitetsmuseet – Avdeling for kulturhistorie*

Møre og Romsdal fylkeskommune  
Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Hordaland fylkeskommune  
Rogaland fylkeskommune



Dokid: 17082230 (17/5661-1)

Sluttfinansiering av publikasjonen  
"Sentralbygd, tettsted,  
knutepunkt by" av dr. philos Helge  
Sørheim

### ***Sluttfinansiering av publikasjonen Sentralbygd, tettsted, knutepunkt by av dr. philos Helge Sørheim***

Universitetet i Bergen arbeider for tida med å publisere boka *Sentralbygd, tettsted, knutepunkt, by* i serien UBAS (Universitetet i Bergen Arkeologiske Skrifter). Boka er ein omarbeida versjon av doktoravhandlinga til professor emeritus Helge Sørheim, som disputerte på ei avhandling med same tittel ved Universitetet i Bergen i 2010.

Magisteravhandling innan faget arkeologi skreiv Sørheim i si tid med tema frå mellomalderen i Oslo by, men han har seinare arbeidd også med førhistoriske tider, særleg jernalderen. Gjennom eit langt arbeidsliv har han studert og arbeidd ved ei rekke museum og arkeologiske institusjonar i Noreg: Universitetet i Bergen (Universitetsmuseet, mellomaldersamlinga), Sunnmøre museum, Universitetet i Trondheim (Vitenskapsmuseet), Universitetet i Oslo (Kulturhistorisk museum) og Universitetet i Stavanger (Arkeologisk museum). Gjennom arbeidet har han opparbeida ein særstak kunnskap om kulturhistoriske minne, kulturvern og forsking i størstedelen av Sør-Noreg. Museumsarbeidet har dessutan gitt stor erfaring i formidling.

Denne kunnskapen er grunnleggjande for avhandlinga hans. Her konsentrerer han seg om Vestlandet: Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, og diskuterer tema rundt samfunnsorganisasjon, sentra og byar frå tidleg jernalder gjennom mellomalderen. Tilnærminga er i stor grad empirisk, bygd på grundig kunnskap om kulturminne i landskap og museum, men også med tolkingar ut frå ulike teoretiske tilnærmingar. Framstillinga er basert på oppdatert gjennomgang av relevante kjelder. Sørheim har ei open og inkluderande innstilling til teoriar og tolkingar, noko som gjer boka levande og


lett å lese. Mens dei fleste vitskaplege avhandlingar med tema frå dette tidsrommet byggjer hovudsakleg på skriftlege kjelder, tar denne sitt utgangspunkt i arkeologien og fysiske fornminne som ligg/låg i landskapet vi framleis bur i. Tettstader og sentra blir her relaterte til mindre distrikt og drøfta innanfor sine lokale rammeverk så vel som i høve til områda rundt, noko som gjer det lettare for folk flest å relatere seg til arbeidet, og særskilt relevant for alle som arbeider fagleg innan kulturminnefeltet.


I tillegg til Sørheims eiga forståing av funn og andre kjelder inneholder avhandlinga ei omfattande litteraturliste inkludert referansar til nyare museale granskingsrapportar. Samla blir resultatet ei særskilt verdfull kjelde til innsikt i tilhøve på Vestlandet gjennom sein førhistorie og tidleg kristen tid. Ein vil tru at både den som arbeider med kulturminnevern, formidling og forsking og den som «berre» er interessert i fortida vil kunne ha stor glede og nytte av boka.

Publikasjonen er snart ferdig finansiert, men noko manglar. På vegner av redaksjonen vender vi oss difor til fylkeskommunane med forvaltningsdistrikt som boka omfattar, og ber med dette om eit tilskot på kr. 7000,- frå kvar fylkeskommune. Dette vil kunne sikre ein publikasjon innan rimeleg kort tid.

Bergen, den 06.06.2017

  
Liv Helga Dommasnes  
professor

  
Knut Andreas Bergsvik  
professor

  
Nils Anfinset  
professor